

Styremøte Sirdal bygdekvinnelag 04.03.20

Til stades: Anita Haugen, Tone Østtveit Kvinen, Helin Morel, Solveig Marie Ådneram, Siri Fidjeland og Åse-Berit Fidjeland

Sak 1/20: Siste nytt frå NBK

- Nå kan alle bruka "Min side" på www.bygdekvinnelaget.no og sjekka eigen informasjon (namn, adresse m.m.), betala faktura og sjå medlemslista.
 - Kontingenten er nå kr. 680,- der 84% går til NBK og 16% til fylkeslaget. Sirdal BK held fram med å sponsa kr. 100,- til dei som bed om det via kasserar Anita Haugen. Hugs at dei som er under 30 betalar halv pris!
 - Landsmøtet er 4.-7. juni i Bergen der styremedlemma i RBK møter, og der andre interesserte kan møte som observatør.
 - Det er inngått avtale med eit nytt studieforbund, Studieforbundet kultur og tradisjon, der ein kan søkja støtte til ulike kurs, sjå *Bygdekvinner 1 - 2020*.
 - Det vert arrangert medlemstur til Guatemala 2.-13. november. Der kan ein bli kjend med kvinnene, kulturen og prosjektet til NBK. Påmelding innan 01.04.20
 - KvinnerUT - meistring og kompetanse held fram 2020/2021 for å styrka minoritetskvinner sin kompetanse. Åse-Berit sjekkar med VO ein gong til om me kan få til noko.
 - Frist for forslag til Bygdekvinneprisen "Kjerringa mot strømmen" er 15.04.20
- Alt dette kan ein lesa meir om i medlemsbladet *Bygdekvinner 1 - 2020* eller "Lokallagssending frå NBK" på heimesida vår.

Sak 2/20: Gjennomførde aktivitetar

- Fem (5) personar laga persesylte før jul
- Informasjonskvelden med IRS har fått flotte tilbakemeldingar, og det var fint med dei som testa IRS på kva som skulle sorterast kor. Leiaren i SBK har utfordra IRS til å arrangera eit informasjonsmøte for turistar òg.
- Lefsekurs med Torbjørg Haugen og åtte (8) deltakarar var veldig bra. Det var eit greitt deltakartal, for med fire heller hadde straumen gått.

Det vart ein diskusjon om kor mykje kurs skal kosta, og dette må vurderast på eit styremøte i god tid ut frå kostnader/utgifter.

Sak 3/20: Årsplan/aktivitetshjul

- a) Solveig Marie og Åse-Berit deltar på fylkesårsmøtet i Haugesund 20.-21. mars
- b) Det blir teatertur til Egersund 23. mars på *Vaffelhjarte* etter bok av Maria Parr. Tone har reservert 15 billetter, der medlemmer betalar kr. 100,- og ikkje-medlemmar kr. 200,- pr. billett. Meir informasjon på FB og heimesida.
- c) Blometur i mai til Hove plantesenter med besøk hos Sandnes eller Fjellbygda BK

etterpå. Helin har ansvar for avtale med Hove, medan Solveig Marie sjekkar ut med lokallaga på årsmøtet.

- d) Sommaravslutning med mat av ville vekstar tar me opp seinare
- e) Til temakvelden på Norspinn og B12 inviterer me Gyland BK. Me nyttar jubileums-gåva frå Sirdal bondelag til å setja opp buss frå Øvre Sirdal til denne kvelden
- f) Teatertur for damer - kven tar ansvar for dette?
Til neste møte har kvart styremedlem forslag til ei teaterframsyning, t.d. musikalen "Så som i himmelen" der det berre er billetter att 14. oktober 2020.
- g) Bli kjend i bygda-tur: Tone, Helin og May Britt planlegg etter kvart, og startar med dei to turane som ikkje vart gjennomførte i 2019. (Tone høyrer med May Britt om ho kan vera med i gruppa.)

Sak 4/20: Nye innbuarar

Det er tre "turistar" i husværebygget på Myraleitet, men me besøkjer ikkje dei. Elles veit me ikkje om nye innbuarar.

Tar Sirdal bondelag utfordringa til å gjera det same i nedre del av dalen?

Sak 5/20: Basar

Sirdal skilag sa etter kvart nei til samarbeid om basar, og sidan årsmøtet ikkje hadde sagt noko om eit slikt utfall, satsar me på basar i år, men med Sirdal sau og geit. På årsmøtet i 2020 må me laga budsjett både med OG utan basar.

Solveig Marie Ådneram og Åse-Berit Fidjeland har hatt planleggingsmøte med Odd Ousdal og Thomas Nygård om basar, og har fordelt arbeidsoppgåver. Alle medlem leverer gevinst, Sirdal BK har ansvar for årsal og trekning, Sirdal sau og geit har ansvar for servering og begge lag ryddar. Overskotet på basaren går til Øvre Sirdal leitegruppe, men dei har ikkje ønska støtte til noko spesielt endå.

Åse-Berit har sett opp dugnadsliste for Sirdal BK, men har ikkje fått nokon til å leia basaren. Solveig Marie seier nei, men Siri melder seg, så dei byttar arbeidsoppgåver på basaren, og Åse-Berit sender e-post til alle medlemmene om oppgåver.

Kven i styret bed om sponsa gevinstar hos ulike bedrifter i Øvre Sirdal?

Solveig Marie: Sinneshyttå og Hyttebutikken
Tone: Sirdal fjellgolf
Siri: Tormod/Sirdal bilberging
Anita: Sirdal sag (benk)
Helin: Joker (GP)
Åse-Berit: Smak i Sirdal

Sak 6/20: Anna

- a) Anita har søkt om kr. 15 000,- i driftstilskot frå kommunen. Sist fekk me 8000,-.
- b) Me seier nei til å vera med på Energifestivalen pga. lite utbytte (nye medlem).
- c) Solveig Marie og Åse-Berit har rydda på klubbrommet.
- d) Solveig Marie hadde med seg gåva SBK fekk frå Rogaland BK til 20-årsjubileet; glaslysestake i bydekvinnelagsfargar. Me har han ståande på lageret.
- e) Det har kome reaksjonar på at SBK oppfordrar til å vera bøsseberarar på TV-aksjonen sidan det går til WWF, og at dei er imot ulv i Noreg. Nå skal innsamlinga gå til kampen mot plast i havet, og Siri fortel at dei hadde det oppe i Bondelaget på fylkesnivå, og at ein bør skilja dei to ulike sakene.

Nytt styremøte 21.04.20 kl. 19.00 på Grendehuset